

Hei!

Det er IKKJE 4 privatpraktiserande tannklinikkar i Odda. Det siste halve året har det vært 2 private klinikkar, og dei er ikkje bemanna heile veka, samt dei har kunn ein autorisert tannlege pr klinikk. Det ser heller ikkje ut til at den tredje klinikken kjem til å opna att på lang tid.

Syns det er viktig at det komme fram, for vi har mange frustrerte vaksne pasientar som vi må si nei til på telefonen og i døra.

Det står at Odda har kapasitet til å ta imot pasientane til Ullensvang. Det er nå forså vidt sant sidan det er tannlegane frå Odda som pendlar til Lofthus. Men pasientar med lang reisevei treng sær oftast tilpassa timar på klinikken og no byrjar vi å få ganske mange av dei (Jondal, Mauranger, Røldal, Utne).. I tillegg er ein større andel av pasientane som vi behandlar på Lofthus tannklinikk avhengig av taxi og buss for å komma seg til å frå klinikken. Mange av dei kjem frå sjukeheimen i Kinsarvik og asylmottaket og har ikkje bil. Det er måte på kor mange vi klare å ha på dei klokkesletta der bussen kjem til Odda. Det komme til å bli eit voldsomt bal om Lofthus blir lagt ned. Og eg skjønne ikkje korleis det kan vera samfunnsmessig lønnsamt.

Eg har ikkje noko imot å pendla i 30 min kvar tysdag. Står ikkje noko tidligare opp enn vanleg.

Helsing Christina Tveit Solberg